

Føremål med programmet

- KKB ønsker å markere seg som ein tydeleg og offensiv kulturinstitusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som siktemål.
- Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folkløve.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og med-verke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

Velkomen til eit nytt og frodig samarbeite i Kyrkjehola, denne sesongen med vekstar både frå nære og fjernare himmelstrok. I tillegg til ein variert bukett norske topputøvarar, kan vi i 2008 byde fram eit program med ein markant internasjonal profil – med kunstnarar både frå Sverige, Danmark, Nederland og USA.

I ramma av Stordal Bygdetun har Kyrkjehola Kulturbeite gjennom ni år med stadig utvikling blitt ein fruktbar møtestad for eit mangfald av uttrykk. Samlingspunktet er møte i kraftfeltet mellom musikk, ord og bilete. På plakaten i år finn du miniopera, kunstutstillingar, cabaret-song, musikalsk diktarportrett, kåseri, "world music" og mykje meir.

Kjære gjester – gamle og nye; med dette rikholdige programmet ønskjer Kyrkjehola Kulturbeite å bidra med vakre og varige sommarminne frå 2008.

Med helsing frå styret

Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på førestilling, namnet ditt og talet på billetter.
E-post: Gjennom heimesida www.kyrkjehola.no eller på adressa billett@kyrkjehola.no
Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

Ljod

Konsert med Marilyn Mazur, Ruth Wilhelmine Meyer, Agnes Buen Garnås og Helen Davies Mikkeltorg
ROSEKYRKJA ONSDAG 6. AUGUST KL 19.30

"Ljod" er ein visuell konsert med inspirasjon frå den eldre Edda, der ordet "ljod" blir brukt i både i tydinga *stille, lyd og å lytte*. Rundt denne tematikken er det spunne ein sanseleg vev av musikk, dans, bilde og lys. Materialet som blir brukt, er knytt til stevtekstar og songar frå middelalder til ny tid - inspirert av fleire kulturkretsar og omkransa av eit moderne uttrykk.




Marilyn Mazur er amerikansk multiperkusjonist og komponist. Ho blir i dag rekna for å vere ein av dei fremste musikarane i verda på sitt felt. Ho har m.a. samarbeidd med artistar som Miles Davis og Jan Garbarek. Mazur er "Artist In Residence" på Moldejazz 2008.

Ruth Wilhelmine Meyer har utmerka seg som ein ekspressiv artist på ny-musikkscena i Skandinavia dei siste åra. Ho søker inspirasjon både frå norsk folkemusikk, romankulturen, samtidsmusikken og lyd frå naturen.



Agnes Buen Garnås er ein institusjon innan norsk folkemusikktradisjon. Gjennom tallause konsertar har ho vore vår viktigaste ambassadør for norsk kvedartradisjon.

Helen Davies Mikkeltorg er walisisk harpist med bakgrunn som soloharpist frå m.a. operaen i Gøteborg og Dublin. Saman med den danske trompetisten Palle Mikkeltorg har ho gjort ei rekkje internasjonale turnear.




Støtte frå offentlege instansar:



Hovudsponsor 2008:



Stordal Regnskap AS



KYRKJEHOLA KULTURBEITE
STORDAL



PROGRAM SOMMAREN 2008

Prinsessa på Selja

Miniopera av Eyvind Skeie og Odd Johan Overøye
I hovudrollene: Ragnhild Eide Akslen og Magne Fremmerlid
Barn og unge frå Spjelkavik og Sykkylven kyrkjer
Regi: Kirsti Ramnefjell

Musikalsk leiing: Rose Iren Stave og Ola Eide
SYKKYLVEN KYRKJE LAURDAG 14. JUNI KL 18.00
ROSEKYRKJA STORDAL SØNDAG 15. JUNI KL 18.00



Kyrkjehola Kulturbeite 2008 opnar sesongen med musikkdramatikk for heile familien. Handlinga utspelar seg på 800-talet. På den grøne øya Eire må prinsessa Sunniva flykte frå ein krigersk konge som vil ta henne til kone. I ein båt utan ror blir ho ført over havet, til ho strandar på Selja ved Stadlandet. Der dukkar Håkon Jarl og hans menn opp... Sunnivaspelet har hatt mange framføringar over heile landet, og var ei av hovudsatsingane under Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival i 2005. Musikken vekslar mellom fengjande irsk-inspirert folkemusikk, vakre balladar og dramatiske høgdepunkt. 40 born, unge og vaksne er med i denne oppsetjinga, som aktualiserer ein viktig periode i vår nasjonale historie. I det profesjonelle orkesteret på fem sit også Stordal sitt eige fiolintalent, Kristina Malene Stavseng.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Eit korn av salt

Knut Reiersrud tolkar Olav H. Hauge
ROSEKYRKJA STORDAL SØNDAG 22. JUNI KL 19.30

I år er det 100 år sidan lyrikaren Olav H. Hauge vart fødd i Ulvik i Hardanger. Han debuterte i 1946 med diktsamlinga "Glør i oska" og gav ut i alt sju diktsamlingar før han døydde i 1994. Gjennom Hauge sitt såre sinn og vide utsyn, fekk vi dikt som opnar augene våre for "katten i tunet" og strekkjer lengselen vår mot "at draumar skal opna seg". I Rosekyrkja denne kvelden skal den eminente gitaristen Knut Reiersrud stå for tonefølge til Hauge si eiga stemme i unike arkivopptak – for ingenting er vel meir uttrykksfullt enn tonen i røysta til dikteren sjølv! Knut Reiersrud er utvilsamt ein av dei mest sjanger- og grensesprengande musikarne vi har i Norge. Han hentar inspirasjon fordomsfritt frå blues, folkemusikk og kyrkje-musikk.



Magisk nyckelharpefusion

Grensesprengjande folkemusikk med Emilia Amper Trio
ROSEKYRKJA SØNDAG 8. JULI KL 19.30



I Emilia Amper Trio opplever du urkrafta i nyckelharpa - tyngda i rocken, lyttande samspel frå kammermusikken og eksperimenteringa frå jassen. Publikum blir trollbundne av sprakande energi, vare viser og humorfylt forteljekunst. Svenske Emilie Amper er ein av vår tids fremste utøvarar på nyckelharpe. Ho har stor spennvidde og arbeider stadig saman med dei fremste jazz og kammermusikarar i Norden, og har hatt konsertar med m.a Trondheim-Solistane og John Lord (tidl. Deep Purple). Medspelarar i Kyrkjehola er Rolf Hoff Baltzersen - kontrabassist med internasjonal karriere og bakgrunn frå m.a.TrondheimSolistene og ei rekkje rock- og fusionband. I tillegg kjem Petter Berndalen - svensk perkusjonist med ein svært personleg stil basert på svensk folkemusikk. Han har samarbeidd med ei rekke svenske og internasjonale jazz- og rockemusikarar.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Erindringsbilder

Utstilling ved Marianne Boberg
PRESTESTOVA STORDAL 28. JULI – 10. AUGUST
OPNING MANDAG 28. JULI KL 18.00

Marianne Boberg seier sjølv at det er koldnåla som er hennar "hovudinstrument". Det gir ein spesielt fin motstand å risse linjer og punkt ned i koparplata, som sidan skal trykkast på papir og bli til eit bilde. Det blir som å grave i minnet, leite seg gjennom lag på lag av bilde og inntrykk. Motiva kan dermed kallast erindringsbilder. Av og til har desse blitt til ved hjelp av gamle fotografi som blir klipt og redigert, noko er fjerna og noko teikna... Slik har det blitt til bilde av noko som har vore, men som kanskje aldri har skjedd... Boberg underviser i grafikk ved Kunsthøgskolen i Ålesund. Ho er utdanna ved kunsthøgskulen i Oslo og ved kunstakademi i Italia. Boberg har hatt ei rekke separat- og kollektivutstillinger og er m.a. innkjøpt av Nasjonalgalleriet.



Hyllest til det norske lyset

Utstilling ved Henk Lassche
LØSETSTOVA 28. JULI – 10. AUGUST
OPNING MANDAG 28. JULI KL 18.00



Henk Lassche er ein svært kjend kunstnar i Nederland der han fekk gjennombrøtet sitt i 1983. Han har ikkje mindre enn fire galleri ulike stader i heimlandet. I 2002 fatta han interesse for Norge og har opphalde seg på Nordvestlandet i fleire periodar. Lassche er spesielt oppteken av detaljane i landskapet og det norske lyset – noko som i følgje han er heilt unikt! Gjennom ein lang karriere har Lassche utvikla seg som kunstnar. Han starta med å måle figurative og realistiske bilde, men har dei siste åra gått over til rein abstrakt kunst. Han måler i utgangspunktet med akrylmåling, men legg så på tjukke oljefargar som skaper djupne og liv i bilda.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Ohne Sentimentalität

Songar av Hanns Eisler og Bertolt Brecht
Anne-Lise Berntsen og Trygve Brøske Ensemble
ROSEKYRKJA MANDAG 28. JULI KL 19.30

Dette ensemblet har allereie vekt oppsikt som ein svært original og positiv tilvekst til vårens cd –og konsertflora. Ei frodig blanding av musikalsk galskap og det skjøraste vakre - intelligent arrangert av Brøske og framført av eit inspirert ensemble. Anne-Lise Berntsen er ein av våre mest spanande songarar, ein kunstnar som stadig overraskar med eit formidabelt uttrykksregister. Muskarane elles – på fiolin, piano, cello, trombone, kontrabass, tuba og perkusjon - er alle profilar frå Trondheim sitt freelance-miljø. Hanns Eisler var ein av dei viktigaste tyske songkomponistane på 1900-talet. Han var klassisk utdanna, men var meir influert av jazz - og populærmusikk og blei cabaretkomponist i nært samarbeid med Bertolt Brecht. Kyrkjehola Kulturbeite er ein av få arrangørar som kan tilby dette prosjektet i sommar.



GammalGrass

Konsert med Stian Carstensen,
Ola Kvernberg og Ole Morten Vågan
ROSEKYRKJA TORS DAG 31. JULI KL 20.30



Med multikunstnarar som Stian Carstensen (accordion, gitar, banjo, fløyte, vokal, lapsteel etc.), Ola Kvernberg (fiolin, mandolin, vokal) og Ole Morten Vågan (kontrabass, vokal og godt humor) er det duka for eit musikalsk fyrverkeri og høg humorfaktor i Rosekyrkja. Her kan du verkeleg rekne med å få fart på swingfoten! Det har vel neppe blitt spelt så mange notar på så kort tid, som det vil bli gjort i Rosekyrkja denne kvelden!

I denne spesielle musikkforma smeltar tradisjonsmusikk frå begge sider av Atlanteren saman; **bluegrass** fra USA og **gammaldans** fra Norge. Carstensen er m.a. kjent frå Farmers Market og for sitt engasjement for bulgarsk folkemusikk i trua taktarter! Kvernberg er geniforklart jazzfiolinist frå Fræna, medan Vågan gjer internasjonal karriere og vert rekna som Norges største kontrabasstalent.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

Absolutt Sunnmøre

Kåseri ved Kjetil Tandstad
LØSETSTOVA SØNDAG 10. AUGUST KL 18.00

Mytane om sunnmøringen er mange og blir verna om – ikkje minst av sunnmøringane sjølve. Det handlar om møbelfabrikkar, pizza, skipsbygging og Frp-land, men også om nynorsk, bedehus og nøysemd. Journalisten Kjetil Tandstad har i boka si "Absolutt Sunnmøre" gitt eit poengtert og uhøgsideleg bilete av Sunnmøre og sunnmøringane – skildra med typiske trekk frå kvar av dei sytten sunnmørskommunane. I dette kåseriet rører han saman mytar og fordommar, historiske fakta, historier og eigne observasjonar i ein høgst personleg sjanger. Tandstad har vore journalist i Sunnmørsposten i mange år og kjenner landsdelen betre enn dei fleste. Han har tidlegare vore redaktør i Dag og Tid og redaksjonssekretær ved Nynorsk Pressekontor.

